



Kultur er premiss, ikkje pynt!

Del 2 Kulturfeltet og kulturaktørane

Ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet.

Innhold

Del 2 - Kulturfeltet og kulturaktørane	3
1. Barn og unge.....	3
2. Kulturfrivilligheten	4
3. Profesjonell kunst og kultur	5
4. Kunst og kulturformidling	5
5. Mangfold, inkludering, demokrati og ytringsfridom	7
6. Møteplassar og kulturarenaer.....	8
7. Den kulturelle grunnmuren, bibliotek og kulturskule	9
8. Tverrgående område, kultur i samhandling med helse- og oppvekstområda.....	10
9. Ålesund som regional motor og som det kulturelle tyngdepunktet mellom Bergen og Trondheim	11
10. Kulturnæring, (kulturturisme, reiseliv).....	12
11. Seniorkultur	13
12. Kulturarv.....	14
13. Språk.....	14

Del 2 - Kulturfeltet og kulturaktørane

Dette er ei skildring og ei kort oversikt over kulturfeltet og kulturaktørane i Ålesund. Denne er ikkje utfyllande og føremålet er å sette i gang eit tankearbeid omkring kulturplanarbeidet i Ålesund kommune. Skildringane er utarbeidd av arbeidsgruppa til kulturplanen.

1. Barn og unge

Barne- og ungdomstiden er en tid for læring og utvikling. Kulturopplevelser, både som aktør og som publikum, er med på å bedre livskvaliteten og gi mestringsfølelse og tilhørighet. Samtidig er deltagelse i kulturaktiviteter en viktig læringsarena for demokrati og samfunnsdeltakelse, og er av stor betydning i barn og unges utvikling av identitet og selvstendighet. Kulturtilbudene til barn og unge må legge vekt på medvirkning, og bør favne alt fra talentutvikling til breddekultur. I tillegg er det avgjørende at det blir lagt til rette for at barn og unge skal få tilbud om å lære om, delta i og oppleve kunst- og kulturaktiviteter uavhengig av alder, bosted, økonomi og andre forutsetninger.

Kulturtilbudet til barn og unge finnes på ulike arenaer:

Kommunale tilbud:

- Kulturskolen; individuell og gruppeundervisning i ulike genre, samarbeid med det frivillige kulturlivet, bl.a. alle skolekorpsa og Fargespill i Ålesund (i samarbeid med Røde kors/Fellesverket)
- Bibliotekene
- Den kulturelle skolesekken
- Ung i Ålesund; fritidsklubber, ungdomshus og kreative tilbud som UKM, Spire, Framtiderne og enkeltstående kreative workshops

Tilbud i regi av frivilligheten:

- Korps
- Kor
- Teatergrupper

Tilbud fra kulturinstitusjoner og profesjonelle aktører

- Teatret vårt
- Ålesund museum
- Viti
- Momentium

Gjennom samarbeid mellom kommunen og frivilligheten (for eksempel Fargespill sammen med Røde kors), institusjonene (for eksempel Framtiderne sammen med kunstmuseet KUBE) og kommersielle aktører (for eksempel Spire sammen med Momentium) muliggjøres et enda bredere kulturtilbud for barn og unge. I årene fremover vil betydningen av samarbeid med andre kommunale sektorer, frivilligheten, kulturinstitusjonene og kommersielle aktører øke – sammen kan vi bedre utvikle og utvide kulturtilbudet til barn og unge.

Etter pandemien opplever vi større utenforskap i samfunnet generelt og blant barn og unge spesielt. Mange barn og unge står overfor barrierer for deltagelse i kultur- og fritidsaktiviteter. Dette kan være barrierer med bakgrunn i familieøkonomi, bosted, sosiokulturelle forhold m.m. Staten, kommunene og en rekke frivillige organisasjoner skrev i 2016 under på

Fritidserklæringen, som sier at «Alle barn skal, uavhengig av foreldrenes sosiale og økonomiske situasjon, ha mulighet til å delta jevnlig i minst én organisert fritidsaktivitet.» Tiltak for å motvirke utenforskap og bygge ned barrierer mot deltakelse (Fritidskonto for barn og unge, skolebesøk med i informasjon om kulturtilbud, skyssordninger m.m.) er viktig for å sikre barn og unges deltakelse i kulturaktiviteter.

Tall fra Ungdata viser at ungdom faller fra organiserte aktiviteter fra ungdomsskolealder. Ikke alle ungdommer finner sin plass i organiserte aktiviteter. For å motvirke utenforskap og andre utfordringer i ungdomsmiljøene vil det være av stor viktighet å etablere gode og trygge møteplasser for ungdom med lavterskel tilbud om kulturaktiviteter.

Innspill gjennom medvirkningsprosessene viser at der kostnader ved transport er til hinder for barn og unges deltakelse i kulturaktiviteter, både som aktør og publikum, bør det arbeides for en løsning der fylkeskommunen ved Fram bidrar med gratis eller prisreduert busstransport utenom rushtidene. Videre foreslås det at det bør settes inn målrettet innsats for å nå barn i familier der foreldre/foresatte ikke har kjennskap til, tradisjon for eller motivasjon for å legge til rette for barnas deltakelse i kulturaktiviteter. I tillegg bør Fritidskontoordningen videreutvikles til å dekke større del av kostnadene ved aktivitetene.

2. Kulturfrivilligheten

I 2020 tilsvarte den frivillige arbeidsinnsatsen i frivillige lag og organisasjoner i Norge ca. 142 000 årsverk. I 2024 hadde 61% av befolkningen over 15 år gjort frivillig arbeid i løpet av det siste året, og i 2020 var 78% av befolkningen medlem i minst én frivillig organisasjon og 48% i minst to organisasjoner.

Ålesund kommune har totalt 984 registrerte frivillige lag/organisasjoner. Av disse ligger 587 under kulturfrivilligheten (inkl. idrett og friluftsliv). 156 lag er registrert med kulturformål og 188 med rekreasjon og sosiale formål. Kulturfrivilligheta favner om alt fra skolekorps, kor og revygrupper, til velforeninger, kunstlag, filmklubber, kulturminneforeninger, historielag og seniorforeninger. I tillegg kommer frivillige miljøer som ikke formelt er organisert som frivillig organisasjon, men treffes på mer uformell basis og tar på seg frivillig arbeid eller for å fremme felles interesse for f.eks. musikk eller teater.

Frivilligheten er av avgjørende betydning for samfunnet, både fordi frivillige lag og organisasjoner er en viktig sosial arena og fordi frivilligheten er en viktig samfunnsaktør i kraft av arbeidet som utføres. Frivilligheten er arena for å møtes, lære og utvikle seg, engasjere seg, jobbe mot felles mål og være i aktivitet. Frivillig engasjement styrker demokratiet og myndiggjør innbyggerne. I tillegg er frivilligheten en viktig samfunnsaktør i kraft av de oppgaver den utfører for fellesskapet for eksempel aktiviteter for barn og unge, ivaretagelse av kulturarv og opplæring og formidling.

Et annet viktig aspekt er det gjensidige avhengighetsforholdet mellom frivillige og profesjonelle aktører i det som ofte kalles «det kulturelle økosystemet». Et godt eksempel her er korpsbevegelsen. Innsatsen fra foreldre og andre frivillige muliggjør engasjement av profesjonelle instruktører og dirigenter. Dermed skapes inntekstgrunnlag for profesjonelle samtidig som profesjonelle styrker korpsenes rekruttering og talentutvikling. Frivilligheten rekrutterer profesjonelle, og profesjonelle rekrutterer til frivilligheten.

Å være engasjert i frivillig arbeid styrker tilhørighet, bygger demokrati og lokalsamfunn.

Det frivillige kulturlivet i Ålesund er rikt og mangfoldig, både i bygd og i by. For at dette også skal være tilfellet i fremtiden, er det viktig at kommunen legger til rette for kulturfrivilligheten gjennom gode tilskuddsordninger, tilrettelegging og samarbeid.

Ålesund kulturråd representerer frivilligheten i kommunen og er en viktig samarbeidspart for kommunen.

Innspillene fra medvirkningsprosessene viser behov for forutsigbare rammevilkår. Dette konkretiseres i møteplasser for frivilligheten og arenaer der frivilligheten og profesjonelle aktører kan møtes. Det bør utarbeides en oversikt over scener og lokaler for kulturaktivitet i Ålesund. Det er behov kompetansebyggende tiltak for frivillige lag/organisasjoner. Her er det ønskelig at kommunen bidrar med lokaler og annen fasilitering. Innspillene viser behov for forenkling av regelverket rundt frivilligheten. Videre foreslås at det etableres en dugnads-/ressursbank der frivillige lag/organisasjoner både kan bidra med og hente ut tjenester fra hverandre. Det etterlyses støtteordninger til voksenaktiviteter, disse må være forutsigbare. Spillemiddelordningen for kulturbygg bør gjøres kjent. I innspillene understrekes det at kommunen må bli bedre på profilering og informasjon om Friskus.

3. Profesjonell kunst og kultur

Dekker både kunst- og kulturinstitusjonene og det frie kulturfeltet (som vi kan forstå som ikke-institusjonelle aktører).

Profesjonelle kunstnere, klynger og kulturinstitusjoner innehar en vesentlig funksjon i samfunnet ved å berike det kulturelle landskapet, fremme innovasjon og styrke samfunnets identitet og tilhørighet. Profesjonelle kunstnere bidrar med unike kunstneriske uttrykk som utfordrer og inspirerer, mens klynger fremmer samarbeid og økonomisk vekst gjennom deling av ressurser og kompetanseutveksling. Kulturinstitusjoner, herunder museer og teatre, gir nødvendig infrastruktur for kunstformidling og bevaring, samt utdanning og formidling til publikum.

I Ålesund kommune bidrar profesjonelle kunstnere til et levende kulturliv gjennom utstillinger og forestillinger. Kunst- og kulturklynger, som kontorfellesskap/fellesverksted, styrker den kreative næringen ved å fremme samarbeid og nettverksbygging. Institusjoner som Parken kulturhus og Jugendstilsenteret og KUBE spiller en sentral rolle i formidling og bevaring av kunst og kultur, og gir lokale kunstnere en plattform for å vise frem sitt arbeid.

4. Kunst og kulturformidling

Kunst og kulturformidling skjer på ulike arenaer og har ulike målgrupper. Enten det er musikk, dans, teater, litteratur eller visuell kunst vil ein forvente at ein i ein by som Ålesund finn eit rikt spekter og stor variasjon i kulturformidling av ulike arrangement både av profesjonelle og frivillige aktørar. Dette gir kommunen attraktivitet for innbyggjarar og besøkande.

Arenaene kan vere private scener og kulturbygg, klubbscener, kulturhus og festivalar. Skular, bibliotek, ungdomshus, kyrkjer, museum er andre arenaer for formidling.

Det offentlege ansvaret støttar opp om privat og frivillig aktivitet, og det utfyller denne aktiviteten. Det offentlege har, og må ta eit særleg ansvar for, at nye kulturelle uttrykk og ikkje-kommersielle uttrykk får rom. Slik sikrar ein eit mangfald og variasjon i kulturtilbodet slik at alle innbyggjarar kan finne aktivitet og opplevingar som er interessante for dei.

Det kulturelle økosystemet av ulike rollar og funksjonar kompletterer kvarandre for at heilskapen skal fungere. Her finn ein privat -, frivillig – og offentleg kultursektor. I Ålesund viser Norsk kulturindeks at privat kultursektor går veldig godt, mens frivillig sektor forvitrar, her ligg Ålesund ligg på 132. plass på kulturindeksen i 2024, mot 87. plass i 2017.

Den kommunale kultursektoren er også svakare enn samanliknbare kommunar, der vi brukar vesentleg mindre en snittet for KOSTRA gruppe 11 på kultur, med h.v. 1 283 kr pr. innbyggjar, dvs. 1,7% av kommunen si samla netto driftsutgift i 2024. Den sterke private kultursektoren gjer at Ålesund likevel er høgst rangert i Møre og Romsdal på ein 27. plass på kulturindeksen i 2024, dette er likevel ned frå 19. plass i 2023.

Den kulturelle infrastrukturen legg til rette for dei ulike funksjonane i kulturfeltet, t.d. opplæring, produksjon og formidling innan ulike uttrykksformer. Tilgjengelege og tilrettelagte arenaer er ein viktig del av infrastrukturen, dette kan vere kulturhus, bibliotek og kulturskular. Andre infrastrukturar er verkøya vi bruker. Mykje av dette er digitale innhaldstenester som er utvikla av private selskap, det kan vere både utlånssystem, digitale program for redigering, arkivsystem som må vere tilgjengelege. Fysisk utstyr som lydanlegg, sceneelement må også vere tilgjengeleg, både til utlån og leige. Alle nødvendige funksjonar som må finnast for at det kulturelle økosystemet skal fungere er ein del av infrastrukturen. I Ålesund kan dette dreie seg om kulturskulen, den kulturelle skulesekken og UKM. Korleis samhandlar desse med skule, barnehage, SFO og fritidsklubbar. Andre strukturar kan vere seniorsentra og samhandling med den kulturelle spaserstokken.

Annan infrastruktur som må vere på plass er nettverk og møteplassar og kommunale verkemiddel, som t.d. kompetansetiltak ut mot kunst og kulturliv og frivillheit, samt søkbare tilskot.

Både kulturskulen og biblioteket har behov for større og meir eigna lokalar for dagens bruk for å kunne ivareta eit betre tilbod innan formidling og opplæring.

I tillegg til det sterke kommersielle musikklivet i kommunen gir Parken kulturhus eit breitt og variert tilbod innan mange sjangrar av kultur, særleg rytmisk musikk og scenekunst. Ålesund symfoniorkester, eit semiprofesjonelt orkester med 65 medlemar, er eit kraftsenter for klassisk musikk i regionen. Kommunen har eit variert utval av festivalar med ulike kulturuttrykk som Fjord Cadenza, Høstscena, Mooving, PlingPlong, Ålesund Litteraturfestival og Jugend

Det sterke teatermiljøet med eit av dei største barne og ungdoms teateret i landet, Dette utvalet gjer kommunen til ein sterk regional kulturaktør. Kommunen har dramalinje på vidaregåande, den einaste i fylket. Teateret Vårt har avdeling for scenekunst for born og unge på Arbeideren kulturhus, saman med profesjonelle skodespelarar, eit rikt amatørteatermiljø og teaterfestivalen Høstscena har Ålesund eit sterkt teatermiljø. Eit unikt utgangspunkt for å vere og utvikle kommunen vidare som eit teatersentrum.

Kulturturisme er ei aukande satsing. Korleis kan Ålesund, som den største cruisehamna i Noreg formidle den særegne historia vår, både Borgundfisket, bybrannen og Jugendarkitekturen vår på ein best mogleg måte.

Ålesund kommune eig ei rekke kunstverk i offentleg rom og i kommunale bygg. Vi må styrke forvaltninga av denne eigedomen, i første omgang gjennom å registrere og verdsette.

Ålesund kommune bør vurdere korleis ein kan styrke opne møteplassar for born og unge i Ålesund sentrum utan at det går på kostnad av etablerte private tilbod.

Ålesund er den største cruisehamna i Norge med ca. 750 000 cruisepassasjerar årleg. Korleis kan denne turismen vere med på å styrke den kulturelle infrastrukturen i kommunen?

5. Mangfald, inkludering, demokrati og ytringsfridom

Mangfald, inkludering, demokrati og ytringsfridom

Desse verdiane er grunnleggande i vårt samfunn. Verdiane er i aukande grad under press og må vernast om med oppmerksamt medvit. Mangel på mangfald kan føre til at fleire grupper ikkje kjenner seg representert i samfunnet og igjen gje ei kjensle av å stå på utsida. Mangfald som ikkje er verdsett og anerkjent kan føre til polarisering. Demokrati er eit stort omgrep. Vi kan framheve høve til å delta på like vilkår uavhengig av bakgrunn og status og høve til å ytra seg, også med kritikk av styresmaktene. Dette er verdiar som er truga i land som for kort tid sidan har helde dei høgt, og som vi treng å verne om.

Kunst og kultur er i mange tilfelle berarar av desse verdiane. Kulturutveksling fremmer mangfald. Menneske som elles er ulike, kan finne saman i kunst og kultur. Vi kan lene oss på ein grunnmur av tilbod som inviterer til deltaking der kunnskap og kreativitet kan få gode vilkår, jf.. den kulturelle grunnmuren. Opplyste innbyggjarar er viktig i eit demokrati. Kunst, kultur og litteratur tilbyr gode ytringsrom. Sjølv om kunst og kultur har ein verdi i seg sjølv, er det viktig å anerkjenne at gode vilkår for kunst og kultur bygger samfunnet vårt på ein unik måte både nedanfrå og med bidrag frå høgkompetente profesjonelle.

Kultur hele livet, inkludering og tilrettelegging

Grunnleggande verdiar i vårt samfunn fordrar konkrete satsingar og ressursar for å bli utvikla og realisert. Mangfald og inkludering er honnørord og skal det integrerast i vår kultur og arbeidsmåte må det prioriterast med tid, kompetanse og hjartelag. I møte med innvandrarbarn er det i mange høve eit arbeid som må gjerast for å få foreldra på bana. Det står ikkje på uvilje, men ligg naturleg som ein terskel når ulike kulturar skal arbeide i lag. Både Fargespill og bibliotek har sett god utvikling i dette når ein gjer ein innsats, men det kan fort sprengje rammene for det ein har av tid og ressursar. Ei investering her vil gje avkastning i form av fleire inkluderte medborgarar og frivillige om få år. Dette forebygger utanforskap.

Menneske treng kultur i heile livsløpet. For å realisere dette er tilrettelegging avgjerande. Det gjeld alt frå universell utforming til støttekontaktar og tilskotsordningar. Tilrettelegging av bygg og sambruk av lokalar er ein retning planen peiker ut. Gratistilbod på bibliotek, friplassar på kulturskule og fritidskonto som permanent ordning og framtidige grep for skysstilbod er viktige satsingar. Tverrfagleg satsing kring målgrupper og knutepunkt er også ei retning planen peiker ut.

Dette er døme på at innsatstrappa som strategi er framtidsretta og god ressursbruk. Ressursar i form av pengar og kompetanse, lokale og samarbeid og saminvestering på desse grunnleggande

områda vil vere svært god samfunnsøkonomi og bruk av ressursar, og gje god grobott for deltaking, forebygge polarisering og utanforskap.

Medverknadsprosessane viser til tydeleg til desse behova og det potensialet som ligg her.

6. Møteplassar og kulturarenaer

Med dette meiner vi opne møteplassar som er gratis og lett tilgjengeleg, eigna kulturlokalar og arenaer for aktivitet. Dette er den sokalla kulturelle infrastrukturen, kombinert med by- og stadutvikling.

Møteplassar og kulturarenaer, både innandørs og utandørs, er viktige element i eit levande lokalsamfunn.

Kulturarenaene skal dekke både frivillige og profesjonelle aktørar sine behov. Eit variert utval av arenaer er viktige for kulturell verksemd. Dei er også viktige for oppleving av urbane kvalitetar og gode lokalmiljø.

Arenaer for aktivitet og opne møteplassar er viktige for fellesopplevingar, dei er viktige som samlingsstadar der ein kan bygge samhald og identitet og skape innanforskap. Den kulturelle grunnmuren, særleg bibliotek og ungdomsklubbar, er opne møteplassar der ein kan opphalde seg uavhengig av aktivitet og sosioøkonomisk status.

Ålesund har fleire **kommunale kulturhus**. Parken kulturhus er heile kommunen sin profesjonelle arena, tilrettelagt for større produksjonar, men er også eit kvardagskulturhus. Dei andre kulturhusa har ein annan funksjon som er avgjerande for frivillige lag og organisasjonar ved at dei tilbyr lokalar både til møter, øvingar og arrangement. Ørskog kulturhus og Gomerhuset har gode fasilitetar for varierte store og mindre produksjonar, Sandøyhagen er eit kombinert bygg med ein kulturhall tilpassa konsertar og framsyningar. Arbeideren kulturhus har stor scene og huser Teateret vårt si aktivitet i Ålesund.

Ungdom treng rusfrie fritidsarenaer der dei får moglegheit til å vere både kulturbrukarar og kulturprodusentar. Dei kommunale ungdomsklubbane på Harøya, Ørskog og Skodje samt Kaoskollektivet på Moa er slike kommunale tilbod. I Ålesund sentrum er Fellesverket Dragen eit liknande tilbod, drive av private/ideelle aktørar.

Private og lagseigde kulturbygg er møteplassen i nærområdet, og bind enkeltpersonar, frivilligheita og profesjonelle saman. Dei lokale kulturhusa gjer samfunnsbygging mogleg i praksis. Lagshus som ungdomslagshus, losjehus, bygdehus, gamle skular, bedehus og andre religiøse lokale er viktige møtestader i mange bygder og huser eit vidt spekter av kulturaktivitet i lokalsamfunna. Kyrkjene er også konsertlokale som er særleg eigna for akustisk musikk. Sobra Scene gir eit anna tilbod om framføringslokale for kulturlivet i Ålesund.

Mange **kommunale bygg** dekker eit avgrensa tal funksjonar, der ein med enkle grep kan dekke fleire behov. Andre kommunale lokale til bruk for lag og organisasjonar kan vere **skulane**, inklusive deira gymsalar/idrettshallar. Lov om vaksenopplæring gir lag og organisasjonar som oppfyller denne retten gratis bruk av undervisningslokale utanfor skuletida. I Ålesund vert dette handsama ulikt frå skule til skule. Ålesund kommune bør ha lik tilgang til desse lokala i heile kommunen. Ein heildøgns bruk av skulelokale kan vere ein god ressurs for det frivillige lagslivet i krinsen. Her kan ein ta ein større potensiell ressursutnytting ved å planlegge for bruk av lokala av fleire grupper. Latinskulen er eit lokale med potensiale for brei bruk.

Ålesund har ei rekke **kommersielle møteplassar** som utestadar, kjøpesenter og den private Odeon kino. Løvenvold Theater er også arena for ei rekke med profesjonelle kulturtilbod og aktivitet inkludert kino. Terminalen byscene er ei sjangerfri scene med stor aktivitet, også samarbeid med kommunen om konserttilbod til ungdom gjennom Spire.

Park, torg og byrom er utandørs møteplassar og scener. Dette finn ein i dei fleste delar av kommunen, sist opna var Ringgata byrom som er lagt til rette for alle. Kommunen jobbar vidare med å etablere lågterskel møteplassar utandørs i alle bygder. Å bruke kunst som eit verkemiddel for utsmykking, attraktivitet og utvikling av møteplassar i kvardagen vert vektlagt. Byromsprosjektet som har 5 rom i Ålesund sentrum som fokus og kunst i offentleg rom i andre delar av kommunen vert arbeidd vidare med.

7. Den kulturelle grunnmuren, bibliotek og kulturskule

Den kulturelle grunnmuren er den lokale infrastrukturen av aktørar og tilbod som har låg terskel for deltaking, og som dermed søker å gi eit kulturtilbod til heile befolkninga. Hjørnesteinar i den kulturelle grunnmuren er kunst- og kulturfag i opplæringa, kommunale og frivillige kulturtilbod og dei kulturelle arenaene i lokalsamfunnet. I Ålesund kommune sine tenester vert dette definert som biblioteka, kulturskulen, fritidstilbod for ungdom, kulturhus, møteplassar og museum. Frivillig sektor og alt av fritidstilbod desse skapar er også ein viktig del av grunnmuren. Saman er desse ein viktig demokratisk infrastruktur og ein grunnstamme i demokratiet.

Blant dei kommunale tilboda som har låg terskel for deltaking og utan opptakskrav er m.a. kulturskolen, eller bibliotek og fritidsklubbar, som er gratis og opne for alle. Og som i det frivillige kulturlivet, du treng du ikkje nokon spesifikk fagkompetanse for å delta.

Ålesundsbiblioteka er fysiske møtestader i heile kommunen med store folkebibliotek med lang opningstid seks dagar i veka i Ålesund sentrum og på Moa og bibliotek med meir avgrensa opningstid på Sjøholt, Skodje og Steinshamn. Det er også bibliotek i Ålesund fengsel. Det er eit mål for perioden at alle biblioteka skal ha tilbod om meirope, altså tilgang til lokalet utanom bemanna opningstid. Ålesundsbiblioteka skal gje brukarorienterte tilbod til menneske med ulike interesser og bakgrunn i heile livsløpet. Biblioteka er ein ikkje-kommersiell og uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det er og ein stad for kunnskap og ulike kreative og kulturelle tilbod. Litteratur i ulike sjangrar er kjernetilbodet men biblioteka skal også tilby til dømes ulike kreative verkstader, kunstutstillingar og små konsertar. Tilbod om atelier til utøvande kunstnarar i byte med verkstader og arrangement er ei ønskja satsing.

I planperioden vil kjeldekritikk, kunstig intelligens og demokratiutvikling vere vesentlege innsatsområde.

Biblioteka skal utviklast vidare som demokratihus der alle, både innbyggjarar og besøkjande, kan delta og bidra med aktivitet. Scene og arrangement kan fyllast i samspel med engasjerte medborgarar, frivillige organisasjonar og profesjonelle kunst og samfunnsaktørar.

Biblioteka er ein god øvingsarena i å bygge tillit til menneske som er ulik ein sjølv. Eldre som nyttar aviskroken møter studentar, innvandrarar og barnefamiliar på like vilkår i det same lokalet. Dersom vi som kommune, lokalsamfunn og enkeltpersonar blir trygge på å opphalde

oss og trivast på same arena på tvers av ulikskap vil dette motverke polarisering som kan utfordre grunnleggande verdiar i vårt demokratiske samfunn.

Å styrke barn og unge sine leseferdigheiter er ein prioritert samfunnsoppdrag i planperioden. Dette skal løysast gjennom å utvikle skulebiblioteka og samspelet mellom skulebibliotek, folkebibliotek og heimane. Litteratur er ei kjelde til å utvikle empati og innblikk i heilt andre liv og livsvilkår enn sine egne. Kunnskap og evne til empati er grunnpilar i eit demokratisk samfunn

1.

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag og formål er forankra i opplæringslova, som slår fast at alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet. Elevane skal få delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Visjonen «kulturskole for alle» gir føringar for korleis kulturskolen skal vere rigga. På den eine sida skal alle som ønsker det få høve til å utvikle kunstfagleg kompetanse ut i frå sine føresetnader, ønsker og ambisjonar. Samstundes må det vere breidde og mangfald i tilbodet, og det må vere tilgjengeleg. Tilgjenge handlar både om at det skal vere mogleg å få ein elevplass, men også om at nokon er utestengd pga. økonomi eller fysiske lokale.

8. Tverrgående område, kultur i samhandling med helse- og oppvekstområda.

Samfunnsøkonomisk Analyse AS (SØA) har, på bestilling fra KS, kartlagt forskning om hva kultur betyr for enkeltmennesker og samfunnet, og hva som er kulturens rolle i samfunnsutviklingen. Rapporten heter “Kulturfeltets plass i samfunnsutviklingen.” Her drøftes det hvordan kommuner kan benytte den identifiserte forskningen i sitt arbeid med kultur, og kultur som integrert del i all samfunnsplanlegging. Rapporten viser at kultur griper inn i, og blir påvirket av en lang rekke samfunnsområder som helse, utdanning, lokal samfunnsutvikling og næringsliv, og kanskje spesielt i områder som det er knyttet store utfordringer til. Den påpeker også at det er mange argumenter for at det er viktig, og kanskje til og med nødvendig å inkludere kultur i arbeidet for en bærekraftig utvikling. Rapporten sier også at kultur bør være tema i sektorplaner for helse og omsorg og barn og unge, og at kulturplaner også bør inneholde disse temaene. For å løse komplekse utfordringer i kommunalområdene Helse, Oppvekst, Samfunn og Ålesund kommunale eiendom, er en nødt til å arbeide på tvers av fagområdene. Derfor vil planen legge til rette for et slikt strukturert samarbeid for å finne veien videre sammen.


Innspillene fra workshopen Ålesund kommune hadde for kulturaktører, næringsliv, academia, reiseliv og andre interessenter, viste tydelig at tilgang og bruk av egnede lokaler var et gjentakende tema. Ålesund kommunale eiendom og skolene vil være sentrale for å løse mange av utfordringene. Innspillene dreide seg også om forebygging innen helse mht. støtteordninger for voksne/eldre innen kulturaktiviteter, og Flyktningsjenestene mht. kultur som inkluderingsarena. Det ble også trukket fram at skolene i Ålesund nesten ikke benytter tilbudene på museene våre, med begrunnelse i dårlig økonomi. Det medfører at barn ikke får tilgang til den kunnskapen som vår historie kan gi, og til at de ikke får nødvendige redskap til å knytte sin identitet til vår felles kulturarv. Et gjennomgående tema var nødvendigheten og behovet for kulturlivets kommunikasjon og synlighet. Ålesund kommune tilbyr den digitale kommunikasjonsplattformen Friskus, men det oppleves som et stort problem at alt for få

kjenner til og bruker denne. Et annet tema som kom frem, var hvor vanskelig det er for frivillige kulturaktører som eier hus bygg og lokaler å drifte disse, og et sterkt ønske om at kommunen kunne bistå på ulike måter. Det kom også frem at Ålesund kommune burde gjøre det enklere å benytte byromma, slik at kulturaktiviteter kunne skape liv og aktivitet.

9. Ålesund som regional motor og som det kulturelle tyngdepunktet mellom Bergen og Trondheim

Kommunens visjon er at Ålesund skal være det kulturelle knutepunktet mellom Trondheim og Bergen. For å oppnå dette målet må vi investere i det frivillige kulturarbeidet, og vi må gi barn og unge gode vilkår for kulturopplevelser og kulturutøvelse. Vi må sørge for at arenaene våre har kvaliteter på nasjonalt nivå, og at Kulturhavna får en form og et innhold som gir Ålesund sentrum økt attraktivitet. For å oppnå vår visjon, må vi også legge forholdene til rette for at den profesjonelle delen av kulturen har gode forhold og rammebetingelser, dette er en viktig brikke mht. byens og regionens tiltrekningskraft.

Ålesund kommune var i 2022 rangert som nr. 19 i Norsk [Kulturindeks](#), og i 2023 falt vi til 27. plass. Statistikken for 2023 også inkluderer Haram, da dette er statistikk fra før kommunedelingen. Kulturindeksen sier noe om statusen for kulturlivet i Ålesund, og vi blir sammenlignet med andre kommuner og gjennomsnittet for hele landet på en rekke områder innen kunst- og kulturfeltet.



Som vi ser av illustrasjonen har Ålesund kommune et svært godt tilbud når det kommer til den kommersielle delen av kulturlivet.

Byer har større aktivitet og verdiskaping innen kreativ næring, kulturarrangement og Institusjoner, f.eks. museum. Vi ser at Ålesund scorer høyt på verdiskaping i kulturell og kreativ næring der vi er oppe i landsgjennomsnittet med Bergen og Trondheim over oss. For kulturarrangement ligger vi over landssnittet, med et særlig sterkt konserttilbud.

Sentrumsregnskapet som ble utarbeidet av Bypatrioten i 2018, viste at ingen steder mellom Bergen og Trondheim kan skilte med større kulturelt tilbud enn Ålesund, og sentrumsregnskapet for 2022 viste at Ålesund beholder posisjonen. I tiden etter pandemien har kulturaktører rundt om i landet slitt med å komme tilbake til samme aktivitet og publikumstall som før 2020, men i Ålesund har antall forestillinger, konserter og arrangement økt med 44, og det samme har publikumstallet, fra 200 000 løste billetter i 2018 til 216 710 i 2022. Vi har grunn til å tro at denne trenden har fortsatt i årene etter.

Men skal Ålesund kommune bli det kulturelle tyngdepunktet, om kommunen skal være attraktiv å bo og flytte til, må vi også se på hva vi ikke er så god til. For å være en attraktiv kommune, både for innbyggerne, mulige tilflyttere og turister, er det nødvendig også å styrke støtten til barn og unge, frivilligheten og den ikke kommersielle kulturen. Dette er områder hvor kommunen i dag kommer dårlig ut i indeksen.

Innspillene fra workshopen Ålesund kommune hadde for kulturaktører, næringsliv, akademia, reiseliv og andre interessenter, viste at det er ønskelig med kraftfulle kultursenter i Ålesund. Utviklingen av bygg og innhold på Sørsida kan være med å virkeliggjøre mange av innspillene som kom frem. Det ble pekt på at den offentlige økonomien må prioritere dette, og at det er viktig at politikerne våre ser synergiene et levende kulturliv kan tilføre kommunens attraktivitet. Behovet for mangfold og bredde ble trukket frem som viktig, samt samspill og samordning mellom kulturaktørene. Innspill som ble vektlagt var også at vi må tørre å tenke stort, og forslag om Festspill og finansiering av en Sinfonietta (lite profesjonelt orkester) ble trukket frem. I dette temaet ble også markedsføring og synliggjøring understreket som viktig, og at Ålesund i dag ikke markedsføres som kulturby av reiselivet fordi tilbudet ikke er strukturert nok. Forutsigbarhet er en nødvendighet for reiselivsoperatører. Langsiktighet og kvalitet er nøkkelord for å oppnå dette. Det kom også fram ønske om å stille byrommene gratis til disposisjon for kulturlivet, slik at vi får flere møteplasser, liv og aktivitet.

10. Kulturnæring, (kulturturisme, reiseliv)

Ålesund kommune står overfor betydelige økonomiske utfordringer som påvirker kunst- og kulturnæringen. Manglende støtteordninger til drift, mangel på møteplasser og nettverk for kompetanseløft, samt begrensede utdanningsmuligheter og kollektivtilbud, er noen av de største hindringene. I tillegg opplever aktørene innen kunst- og kulturnæringen en mangel på politisk vilje og forståelse, samt utilstrekkelig kommunikasjon og synlighet for kultursektoren.

Til tross for disse utfordringene, har Ålesund store muligheter. Kommunen har et aktivt næringsliv som støtter kulturlivet, en sterk delingskultur og samarbeid på tvers av næringer. Den vakre naturen og unike omgivelsene gir også mulighet til å kombinere kultur og natur og legge til rette for kulturturisme.

Som universitetskommune med NTNU, har Ålesund tilgang til akademisk kompetanse, ressurspersoner og et sterkt fagmiljø for forskning i tillegg til studenter som potensielle brukere av ulike tilbud.

For å møte utfordringene og utnytte mulighetene, er det en rekke tiltak som blir vurdert. Fokus må være på samarbeid og ressursdeling.

11. Seniorekultur

Kulturlivet i Ålesund er for alle, og innretninga på kulturtilbodet er universelt, dvs. at alle innbyggjarar uavhengig av alder har høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk innanfor det ordinære kulturlivet.

Likevel er det grupper som treng tilrettelegging. Særlege grupper har i dag tilrettelagte tilbod, i større eller mindre grad. T.d. gjennom bu-institusjonar som følgjer til ordinære aktivitetar eller har aktivitetar i institusjon. Demenskor er eit godt døme på nyvinning innan kultur for særlege grupper. Ein har også tilbod som t.d. den kulturelle spaserstokken som skal gi eit profesjonelt kulturtilbod til seniorar over 70-år på dagleglivets arenaer. Dette er finansiert av tilskot frå fylkeskommunen, Ålesund kommune gjennomfører konsertar i dag på omsorgssenter og kulturhus gjennom DKSS. Dette er eit samarbeid mellom verksemdene kultur og helse. Signal frå fylkeskommunen er at tilskotet til DKSS vert lagt ned frå 2026 grunna fylkeskommunal økonomi. Vil Ålesund kommune da erstatte tilskotet og oppretthalde tilbodet?

Den demografiske utviklinga i Ålesund, og resten av Noreg og verda, viser at vi truleg vert ein befolkning enn i dag. Utvikling i helse kan gå mot at vi er spreke lengre enn i dag. Utviklinga kan også gå mot at vi vert heimebuande lengre, i langt større grad enn i dag.

Vil dette krevje en annan kulturpolitikk enn i dag? Vil vi organisere samfunnet slik at ein har alle tilbod i «rullator-avstand»? Dette krev i så fall eit aldersvennleg samfunn som andre instansar enn kultur utviklar og legg til rette for. Det er i så fall viktig at kultur vert inkludert i planlegging og utvikling av slike bumiljø frå start.

Ein kan også sjå for seg at ein i framtida treng strukturert transport til kulturaktivitet på ein annan måte enn i dag. Det finns i dag sosiale entreprenørar som testar ut «dør-til-dør» transport med buss. Kan dette vere eit tilbod for eldre i framtida. Dette kan styrke deltaking i både kulturlivet, seniorar som publikum på ordinære framsyningar og som aktive i frivillig kulturliv. Kan FRAM som fylket sitt transportselskap utfordrast på dette? Frivilligsentralane kan også vere sterke aktørar på inkludering gjennom organisert transport til og frå i framtida. Kan kulturskulen vere ein aktør med eit utvida mandat til å gi tilbod til menneske med spesielle behov og til seniorar? I dag er politisk prioritering av kulturmidlar til born og unge. Vil innretninga av kommunale midlar i framtida gå i retning av tilrettelegging også for seniorane si deltaking i kulturlivet.

HUNT-undersøkinga viser samanheng mellom kulturdeltaking og lengre levealder. Det er også vist til betre mental helse blant personar som deltek i kulturelle aktivitetar. Kommunen har her kanskje nøkkelen til framleis inkludering, god psykisk og fysisk helse i framtida i eit sterkt kulturliv både profesjonelle krefter og i kulturfrivilligheita.

Seniorundersøkinga i Ålesund viser at for innbyggjarane over 55 år deltek 28% minst ein gong i veka i organiserte aktivitetar mot 57% som gjer dette sjeldnare eller aldri. 46% deltek i uorganisert aktivitetar minst ein gong i veka, 25% gjer dette sjeldnare eller aldri. Graden av aktivitet minkar med alderen.

12. Kulturarv

Eit kulturminne er spora etter menneska som har levd før oss, deira liv og virke. Kulturminna og kulturmiljø vi tek vare på og sikrar for ettertida er viktige kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping for næringslivet. Eit kulturmiljø er eit område der fleire kulturminne inngår i ein større samanheng, t.d. eit område i ein by. Omgrepet kulturarv blir ofte nytta for både immaterielle og materielle kulturminne og blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltning, Arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Ålesund kommune har verdfulle kulturminne frå steinalder og fram til nyare tid. Kaupang Borgund, med busetnad frå langt tilbake i tid. Byen er kjend for kulturmiljøet i sitt vakre sentrum i jugendstil. Havet og tilknytninga til sjø har vore ein viktig faktor for ferdsle, handel og eksport av fisk. For å forstå oss sjølve og identiteten vår er det viktig med kunnskap om fortida og kvar vi kjem frå. Det er difor viktig å ta vare på kulturminne frå alle tidsepokar og i heile kommunen.

Kulturminneplanar i Ålesund kommune er med på å kartlegge kulturminna. Skodje sin kulturminneplan vart vedteken i 2015. I Ørskog og Sandøy har ein eit planutkast som ikkje formelt er vedteke. Det er ikkje utarbeida kulturminneplan for gamle Ålesund. I 2021 vart det utarbeidd ein kulturminnestrategi for heile Ålesund kommune. Det vert no utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som skal leie opp mot ein kulturmiljøplan i Ålesund, her vert dei gamle kulturminneplanane innarbeidd.

Denne kulturplanen avgrensar seg til å handle om kulturarven vår, både museum, historia vår og immaterielle kulturminne formidla i t.d. bygdebøker, tatt vare på arkiv og i kommunale verksemdar. Så er det andre verksemdar i kommunen som forvaltar kulturminne og kulturmiljø gjennom plan og byggesak. For å sikre god forvaltning må det vere avklart kva ansvar som ligg til kva kommunal verksemd.

Ålesund kommune manglar ei stilling med ansvar for kulturvern og kulturarv. Det er behov for å oppgradere registreringa av kulturminne som vart gjort på 1990-talet. Det er også behov for å utvikle ein strategi for kommunen si ivaretaking og bevaring av kulturmiljø gjennom ein plan.

13. Språk

Språkpolitikk er knytt til demokratiske prinsipp og menneske sine rettar til å kunne ytre seg og delta i sivilsamfunnet. Eit demokratisk samfunn må ha medvit om språket som del av ytringsfridomen. Det offentlege har eit særskilt ansvar for å nytte eit klart språk som alle kan forstå.

Vestlandet er kjerneområdet for nynorsk språk og litteratur. Ålesund har gått frå å vere verdas største nynorskkommune, med tradisjon frå Ørskog, Skodje og Sandøy kommunar til å bli språknøytral når det gjeld kva skriftspråk staten skal bruke i kommunen. Ålesund er regionhovudstad i ein stor og sterk nynorskregion, har mange vaksne nynorskbrukarar og over 1200 nynorskelevar i skulen.

Nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk er under press. Språklova, har som føremål å styrke norsk språk og fremme likestilling mellom bokmål og nynorsk. Lova skal m.a. sikre at alle offentlege organ:

- tek ansvar for å bruke, utvikle og styrke bokmål og nynorsk
- kommuniserer på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa
- følger den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk

Lova si §1 seier at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket. Dette kan Ålesund kommune ta ansvar for saman med dei andre Sunnmørskommunane slik at Sunnmøre er ein sterk nynorskregion på Nordvestlandet.

Kommunen skal sikre at det også er rom for å vere nynorskelev i Ålesund kommune, eit godt kulturtilbod på nynorsk i Den kulturelle skulesekken (DKS) og nynorsk satsing i biblioteka, t.d. gjennom satsinga Litteraturhus i Møre og Romsdal.

Språk handlar om både identitet og merkevarebygging. Og det må målast. Kommunen bør ha eit minstemål for nynorsk, og jobbe også for mindretalsspråket nynorsk i tråd med språklova.